



Sterkt felt i det 3. karuselløpet, Spar-løpet.

Laurdag 11.juni kl.14 er det klart for Kvinnheradsmeisterskapet i terrengløp. Det er idrettslaget Trio som er arrangør, og løpet føregår i Husnes idrettspark. Løpet er også samstundes det femte og siste løpet i årets terrengløpskarusell. Alle som deltar i minst 3 løp i karusellen, vert premiirt.

Terrengløpskarusellen i år har vore ein solid suksess. Det har voret sett deltakarrekordar i løpa, og arrangementa har vore prega av fest og massemonstring det topp- og breiddeutøvarar har møtttest. I terrengløpskarusellen har det tidlegare vore 4 løp: i Herøysund, Baroniløpet i Rosendal, Spar-løpet i Uskedalen og Åkra-løpet. Dei som er med i minst 3 av dei 5 løpa, får fine statuettar.

I tillegg er løpet på Husnes Kvinnheradsmeisterskap der det vert vanleg, klassevis premiering. Løypelengdene varierer frå 300m for dei yngste til 2700m for junior- og seniorløparane. Løypene går i hovudsak på fine stiar i Husnes idrettspark i nærleiken av stadion.

Uskedal IL har vore svært godt representert på alle dei 4 føregåande løpa så no er det berre å melda seg på den store finalen. Det kan ein gjera ved å [klikka inn her](#).



Unge sprekingar som har delteke i fleire løp, her Spar-løpet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland